



Høg kvalitet på vatn, avløp og renovasjon



Det årlege Kommunebarometeret måler til saman 14 parameter, som viser at vi som bur i Øygarden kommune har vatn, avløp og renovasjon av høg kvalitet.

Det blir mellom anna målt kor mykje av leidningsnettet som blir fornya, kvaliteten på drikkevattnet og pris. Samla gir resultatet eit mål på kvalitet.

– Vi er veldig fornøgde med resultatet. Vi brukar tal frå Kommunebarometeret for å heile tida kunne tilby betre tenester til innbyggjarane i Øygarden kommune. At vi får så gode resultat i år skuldast at heile organisasjonen har jobba målretta med å forbetre alle kvalitetsindikatorane, seier Bjarne Ulvestad, administrerende direktør i ØyVAR.

ØyVAR har dei siste 10 åra investert om lag ein milliard kroner i nye leidningar og reinseanlegg. Det gir oss trygt drikkevatt og effektiv reinsing av avløp i kommunen. Trass store investeringar, er prisen på tenestene i Øygarden kommune på 11 595 kroner per år. Dette er under landsgjennomsnittet på 12 136,75 kroner.

Kommunebarometeret viser at ØyVAR er den tredje beste leverandøren av vatn, avløp og renovasjonstenester i Vestland fylke, og nummer 32 av 356 i Noreg.

Bruk returpunkta for glas- og metallemballasje!

Glas og metall er verdifulle ressursar som kan gjenvinnast i det uendelege og er blant produkta som eignar seg aller best til gjenvinning.

Når vi tømmer returpunkta for glas og metall, så sender vi det vidare til eit høgteknologisk gjenvinningsanlegg i Fredrikstad. Metall og glas blir skilt ut og blir til nye produkt.

I 2021 blei det samla inn 435 tonn med glas- og metallemballasje i Øygarden kommune. Vi veit det er potensiale for å samle inn ennå meir. Ein god del av denne type avfall blir kasta i restavfallet eller hyttecontainer. Det er lett å gjere noko med! ØyVAR oppfordrar alle om å kaste glas- og metallemballasje ved næraste returpunkt og på denne måten gje dei nytt liv.

Du finn returpunkta, dei grøne igloane, spreidd rundt om i heile Øygarden.

Ja takk

Syltetøyglas, barnematglas o.l.

Glasflasker utan pant

Hudkremkrukke i glas

Hermetikkboksar, påleggstube i metall

Syltetøylokk og korkar av metall

Drikkeboks utan pant

Aluminiumsform- og folie

Nei takk

Knust kopp

Krystallglas

Porselenprodukt

Keramikk

Spegl

Tilgrisa emballasje

Spiker og skruer

Gryter, panner,

Sprayboksar i metall



Produkt som ikkje høyrer heime i returordninga, leverer du til næraste gjenbruksstasjon.

FLEIRE SORTERINGSTIPS sortere.no

Få støtte ved bruk av tøybleier

I gjennomsnitt bruker ein baby 2500 bleier på eitt år. Dersom du har eit bleiebarn og ønsker å kutte ned på avfallet, kan du få støtte til innkjøp av tøybleier.

Ved å vaske bleiene på 60 grader og lufttørke dei etterpå, vil bruken av tøybleier totalt sett vere meir miljøvennleg enn om du brukar eingongsbleier. ØyVAR ønsker å bidra til å redusere mengda av avfall som blir innsamla. Vi støttar småbarnsforeldre som vel å nytta tøybleier med ein eingongssum på kroner 1000,- ved kjøp av nye tøybleier.



KRAV TIL KVITTERING:

- Innsendt kvittering skal dokumentere at det er kjøpt inn produkt som ØyVAR gjev tilskot til.
- Produktet må vere betalt før søknad er sendt inn.
- Kvittering må ikkje vere eldre enn 1 år.

VI GIR TILSKOT TIL:

Brettebleier, formsydde bleier, brillebukser/sperrelag/lommebleier, innlegg/kluter til bleier, alt i eitt/to bleier.

KRAV TIL SØKJAR:

Private søkjarar må vere busett i Øygarden kommune. Det blir gitt tilskot per barn (eingongstilskot).



Levering av avfall og ombruksgjenstandar til gjenbruksstasjonane

ØyVAR har mottak på Straume, Skogsvåg og Tjeldstø. Husstandane kan levere inntil 1000 kg farleg avfall gratis per år. I tillegg kan det leverast 500 kg vindauge gratis.

FARLEG AVFALL inneheld miljøfarlege stoff, og skal ikkje kastast i vanleg restavfall. Lever dette til godkjent mottak, på gjenbruksstasjonen.

RESTAVFALL skal leverast i gjennomsiktige sekkar for at dei tilsette skal sjå at sekken ikkje inneheld til dømes farleg avfall, elektrisk avfall og batteri. Gjennomsiktige sekkar kan kjøpast i fleire butikkar og byggevarehus eller hos ØyVAR.

OMBRUKSGJENSTANDAR oppfordrar vi å levere til gjenbruksstasjonen i Midtstegen i Skogsvåg. Ombruksboden i Lonavegen på Straume held framleis stengt, i påvente av ombygging av gjenbruksstasjonen der. Det er høve til å levere inn gjenstandar i Lonavegen, men desse blir frakta til Midtstegen og stilt fram der.

Alternativt kan gjenstandar få nye eigarar i ein av dei mange bruktbukkane i kommunen, eller leggjast som «gis bort» på finn.no eller andre forum, som til dømes Facebook.

Stein eller strikk på lokket?

I vårt verutsette klima med mykje vind er det viktig å sikre at avfall ikkje kjem på avveie. Ein stein på lokket har for mange vore ei enkel løysing for å unngå at lokket bles opp. Mange stader fungerer dette greitt, men på stader med mange spann eller i trafikkareal er det ei utfordring for renovatørane å plassere steinen fornuftig under tømming.



Vi må derfor oppfordre om at ein nyttar ein strikk eller en lastestropp for å sikre lokket.

Eksempel:

LidSafe til sal hos ØyVAR: kr 99,-
Lastestropp frå Biltema: kr 60,- for par

Kontakt oss om bosset ikkje er tømt!

Du må varsle dagen etter tømming. Send melding via ØyVAR-appen eller til postboks@oyvar.no

Hugs at spannet må stå framme for tømming. Renovatør har to dagar på å innhente bosset.

Tømmekalender


Vi anbefaler at du brukar ØyVAR-appen. I den finn du informasjon om tømming og stader der du kan kaste avfallet.



GOOGLE PLAY



APP STORE



Juleønsker frå oss i ØyVAR

Feitt skal ikkje i vasken

Juleribba nærmar seg med stormskritt, i lag med mange andre feite godsaker. Jula er høgsesong for feitt i avløps-systemet. Matavfall blir kasta i do eller vasken. Tette rør må spylast opp og pumpestasjonar stoppar.

For abonnentane betyr dette høgare avgifter neste år. I verste fall er det dine leidningar som går tett, og du må betale heile utbetringa sjølv. Hadde alle vore like flink til å kaste matavfallet der det høyrer heime, kunne vi spart oss for desse unødvendige utgiftene.

Matavfall i avløpsnett er også med på å halde liv i rotter. Desse lever av feitt og matrestar som vi kaster i do.

Frå steikepanna kan ein tørke ut feittrester med kjøkkenpapir og kaste dette i matavfallet. Feitt frå juleribba stivnar når det blir avkjølt. Då kan ein ta det ut og kaste det i matavfallet. Feitt som ikkje stivnar samlar du i tett emballasje og leverer det på gjenbruksstasjonen. Mindre matavfall i do = mindre utgifter for alle, og færre rotter.

God jul frå oss i ØyVAR

Gratis levering av julepapir og juletre i januar!

Juleemballasje og juletre vil vere gratis å levere på gjenbruksstasjonane i januar 2023. Tilbodet gjeld for alle.



Følg oss på Facebook og få oppdatert informasjon

Tlf: 56 31 59 30 - E-post: postboks@oyvar.no

OPNINGSTIDER PÅ GJENBRUKSSTASJONANE

Lonavegen 20, Straume

Måndag, torsdag: 10-19
Tysdag, onsdag, fredag: 10-15
Laurdag: 10-16

Midtstegen 50, Skogsvåg

Måndag, onsdag: 10-19
Torsdag: 10-17
Tysdag, fredag: STENGT
Laurdag: 10-16

Miljøpunkt Tjeldstø


Onsdag: 10-18

Gjenbruksstasjonane er stengt

Laurdag 24.12. (julaften)
Måndag 26.12. (2. juledag)
Laurdag 31.12. (nyttårsaftan)

Beredskap for vatn i heimen

Eigenberedskap er i vinden som aldri før. Men sjølv om vi i ØyVAR har planar for nød- og reservevatn om det skulle oppstå problem med å få levert drikkevatn heim til deg, kan det vere lurt å ha eit minimum av drikkevatn lagra heime.



Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap har, på sikkerhverdag.no, publisert ein oversikt over kva du bør ha i beredskapslageret ditt heime. Øvst på denne lista står vatn.

Du bør ha 9 liter vatn per person. Dersom du følgjer desse råda, kan vatnet fint lagrast i årevis:

- Reingjer flasker eller dunkar med såpe og vatn og skyl dei godt. Tilsett to korkar hushaldsklorin per 10 liter vatn. La dette stå i minst 30 minutt før du skyl godt.
- Etter reingjering fyller du flaskene eller dunkane heilt fulle med kaldt vatn frå springen.
- La vatnet stå mørkt og kjølig. Vatnet skal ikkje lagrast i same rom som bensin, plantevern-middel eller andre liknande stoff. Årsaka er at damp frå desse kan trenge inn i plast.

Les meir på sikkerhverdag.no



oyvar.no